

**Planer og  
meldinger**

**Plans and reports**


9/2010 ●

**Statistisk sentralbyrå  
Årsmelding 2009**

Statistics Norway



Statistisk sentralbyrå





*Administrerende direktør i SSB*

## Øystein Olsen om vegen ut av finanskrisa

Finanskrisa hausten 2008 og den etterfølgjande konjunkturedgangen utløyste kraftige tiltak retta inn mot finanssektoren og endringar i den økonomiske politikken i dei fleste land. Omlegginga av politikken hadde brei oppslutning og var i nokon grad koordinert internasjonalt. No, halvtanna år etter at den mest akutte krisa blei utløyst, ser vi tydeleg at politikken verkar, og den økonomiske utviklinga gjennom 2009 blei vesentleg betre enn venta ved inngangen til fjoråret.

I Noreg har finanssektoren klart seg godt gjennom krisa, og det viktigaste bidraget til styresmaktene har vore å stille nødvendige garantiar og lånemoglegheiter til rådighet for dei finansinstitusjonane som måtte komme til å trenge det. Det økonomiske tilbakeslaget i Noreg har også blitt svakare enn i dei fleste OECD-land. Dette skuldast fleire forhold. Bruken av verkemiddel i den økonomiske politikken i Noreg har vore kraftigare enn i dei fleste andre land. Rentene har komme mykje ned og har stimulert etterspurnaden frå hushald og næringslivet. Det har også komme kraftige ekspansive impulsar frå finanspolitikken, og ein relativt stor offentlig sektor i Noreg har i seg sjølv verka stabiliserande på utviklinga i produksjon og etterspurnad.

Men det er enno for tidleg å blåse av finanskrisa og dei realøkonomiske følgjene av henne. Særleg internasjonalt er det mange uløyste økonomiske problem. I mange land veks statsgjelda no så raskt at dagens finanspolitikk ikkje er berekraftig. Det verkar som det er mindre land i den europeiske periferien som for tida er mest utsett, men situasjonen kan bli alvorleg også for meir sentrale land dersom ein ikkje etter kvart klarar å redusere offentlege utgifter og auke skattane. Både IMF og OECD åtvarar likevel mot å avvikle stimulansetiltaka for tidleg. Dersom dette skulle skje allereie i 2010, vil det kunne dempe ein gryande oppgang og i verste fall kvele han i den spede byrjinga. Dette vil kunne føre til lågare vekst i norsk økonomi.



FOTO: CF-Wesenberg/kolonihaven.no

I den siste konjunkturrapporten til SSB frå februar 2010 legg vi til grunn at veksten internasjonalt tek seg gradvis opp. Enno svak investeringsutvikling i Noreg saman med ei gradvis styrka krone gjer at konkurranseutsette firma ikkje får sterke nok impulsar til at det blir noko vesentleg vekst framover. Den økonomiske politikken vil derimot bidra til framleis høg konsumvekst, slik at veksten i fastlandsøkonomien vil ta seg opp i løpet av 2010. Med eit omslag i investeringane i fastlandsnæringane mot slutten av 2011 vil òg veksten i BNP Fastlands-Noreg nærme seg trendvekst. Utrekningane våre tyder derimot på at lågkonjunktoren vil vare ut 2013.

Oslo, 9. mars 2010

*Øystein Olsen*  
Øystein Olsen

## Melding frå styret: Eit hendingsrikt år

**2009 har vore eit hendingsrikt år, også for Statistisk sentralbyrå. Finanskrise, klimaforhandlingar, svineinfluensa og stortingsval har prega nyhendebiletet. På mange av desse områda står SSB sentralt, som kjelde til kunnskap om fakta og samanhengar. Med ein god ressursituasjon, og gjennom god innsats frå mange dyktige medarbeidarar, har SSB det siste året utvida produksjonen av statistikk og analysar, og teke nye steg for å modernisere verksemda.**

Som eit resultat av finanskrise er det nødvendig å utvide og utvikle nye statistikkar innan både finansmarknaden og globalisering, samtidig som ein er i gang med revisjon av nasjonalrekneskapsen. I 2009 har SSB arbeidd over eit breitt felt for å ta vare på desse behova. Det gjeld blant anna å utvikle statistikk for internasjonal tenestehandel, direkteinvesteringar og verksemda i fleirnasjonale føretak. Vi må utveksle informasjon mellom landa om multinasjonale selskap for å få fram god statistikk, og dette skjer blant anna gjennom å etablere Eurostats EuroGroup Register, som Noreg bidreg i.

For første gong i samband med stortingsval hadde SSB i 2009 ansvaret for den tekniske handsaminga av valresultat som blei sende inn frå kommunar over heile landet. Styret merkar seg at Kommunal- og regionaldepartementet har gitt signal om at dei er nøgde med jobben SSB har gjort i samband med valoppteljinga. To dagar etter valet blei det oppdaga ein feil i prognosegrunnlaget for Rogaland. Det var òg ein feil i innrapporteringa frå Telemark fylkeskommune som førte til endringar i mandatfordelinga for Møre og Romsdal. Slike saker er uheldige for SSB, og styret set pris på at det blir lagt opp til å avklare ansvar og rollar med departementet ved komande val.

2009 var òg prega av førebuingar til store teljingar, landbruksteljinga (2010) og folke- og bustadteljinga (2011). Styret understrekar at desse teljingane i Noreg i vesentleg grad vil byggje på administrative register. Ved utgangen av 2009 hadde nær 90 prosent av alle personar som budde i fleirbustadhus, fått fullstendige adresser (bustadnummer). I forkant av folke- og bustadteljinga skal det sendast ut skjema for å kartleggje den høgaste utdanninga til innvandrarar, informasjon som enno ikkje er tilgjengeleg i administrative register. Ein stor del av dataa til landbruksteljinga vil òg bli henta frå registerdata, men det er nødvendig med ei supplerande skjemabasert undersøking til ca. 45 000 jordbruksbedrifter med spørsmål om arbeidsinnsats, tilleggsnæring og miljø.

I løpet av fjoråret blei det utarbeidd ein ny strategi for arbeidet med miljøstatistikk. Både *Klima- og forureiningsdirektoratet* og *Miljøverndepartementet* har vore med i diskusjonane. Arbeidet med statistikk for utslepp til luft samt bruk og utslepp av farlege stoff skal framleis prioriterast. I tillegg skal arbeidet med økonomiske verkemiddel og arealbruk styrkast, saman med statistikk og indikatorar for berekraftig utvikling. Ressursbruken knytt til statistikk for områda vatn, avløp og avfall blir noko redusert.

Styret har merka seg ei rekkje initiativ, både internasjonalt og i Noreg, som viser at behovet for informasjon om livskvalitet er aukande. Den såkalla Stiglitzkommissjonen presenterte i september ein rapport til den franske presidenten, Nicolas Sarkozy. Rapporten inneheld ei rekkje anbefalingar om bruk og vidareutvikling av statistikk som kan kaste lys over livskvalitet. Sjølv om SSB i utgangspunktet har mykje statistikk som kastar lys over både økonomi og levekår i vid forstand, vil anbefalingane til Stiglitzkommissjonen få konsekvensar for utbygginga av statistikkproduktet framover, noko styret har påpeika i budsjettbrevet til Finansdepartementet for 2011.

Ein ny organisasjonsstruktur for SSB var i funksjon frå tidleg i 2009. Det er arbeidd med å få på plass nye tenesteavtalar for den daglege verksemda mellom

den nye Avdeling for IT og metode og utførande avdelingar, som bestiller IT-tenester. Eit system for å prioritere mellom utviklingsprosjekt – porteføljestyling – er òg komme på plass. Dette systemet fører òg vidare FOSS-programmet (Forbedring og standardisering av statistikkproduksjonen). Ei ny datafangst-avdeling har eit hovudansvar for å modernisere og straumlineforme datafangsten, blant anna gjennom å satse meir på elektronisk datafangst. SSB har i 2009 førebudd overgangen til AltinnII. Viktige nye tenester i den nye versjonen av Altinn er eit nytt og betre skjema-utviklingsverktøy, tenester for formidling av store datafiler og felles rapportering med fordeling av data til ulike etatar. Standardiseringa av revisjon og andre produksjonsrutinar blir førte vidare gjennom SSB sitt integrerte system for datarevisjon og estimering (ISEE).

Saman med Skattedirektoratet, NAV og Brønnøysundregistra har SSB gjennomført ein forstudie for ei samordna innsamling av data frå arbeidsgivarar om løn, pensjonspremiar og sysselsetjing (EDAG). Dette samhandlingsprosjektet siktar mot å gjere det enklare for arbeidsgivarar, og gi brukarane betre informasjon, og det vil gi eit vesentleg betre datagrunnlag for etatane. Styret meiner at dette arbeidet er svært viktig, og vil understreke kor mykje det tyder at prosjektet blir ført vidare i 2010 og 2011 i eit felles forprosjekt mellom dei fire institusjonane. Hovudprosjektet er planlagt å skulle gjennomførast i 2012 og 2013.

Ssb.no blei oppretta allereie i 1995 og har utvikla seg til ei omfattande og viktig netteneste for informasjon om det norske samfunnet. Systema er eigenutvikla, og i 2009 har det pågått eit omfattande moderniseringsprosjekt for å fornye ssb.no. Det er planlagt eit nytt publiseringssystem, nytt brukargrensesnitt og å betre moglegheitene for å vidare distribuere informasjon. Nye ssb.no vil bli lansert hausten 2010.

Det internasjonale statistiske samarbeidet er viktig, og SSB bidreg aktivt på ulike arenaer. Frå 2010 overtek SSB som Nordens representant i FNs statistikkommisjon (UNSC) for ein periode på fire år. Øystein Olsen blei i 2009 valt som leiar av ICP Executive Board (programmet for internasjonale kjøpekraftsparitetar). Administrerande direktør er òg blitt medlem i CES Bureau, som er styringsgruppa for det statistiske samarbeidet i UNECE. Saman med Eurostat leier SSB i tillegg eit arbeid med å utvikle rammer og verktøy for kvalitetsstyring og -rapportering i det europeiske statistikk-systemet.

Rekneskapa for 2009 viser at aktiviteten heldt seg godt innanfor ramma for overførde midlar. Driftunderskotet for SSB totalt var på 2,3 millionar kroner, mens overførde midlar frå 2008 var på 34,3 millionar kroner. Underskotet på 01-posten er på 4 millionar kroner, mens brukaroppdraget – post 21 – viser eit driftsoverskot på 1,7 millionar kroner.

SSB har eit sjukefråvær som er lågare enn landsgjennomsnittet. I 2009 var sjukefråværet på 5,5 prosent, som var ein liten auke frå 2008 (5,3 prosent).

Styret vil takke Ådne Cappelen, som ved utgangen av desember gjekk av som direktør for forskingsavdelinga i SSB etter 11 år. Torbjørn Hægeland blei tilsett av styret som ny forskingsdirektør. Anne Sundvoll blei tilsett som fagdirektør for den nye datafangstavdelinga.

Svein Longva, som var administrerande direktør i SSB frå 1991 til han blei utnemnt til riksmeklingsmann i desember 2004, døydd 16. april 2009. Styret minnest med takksemi Svein Longva og den store innsatsen hans for SSB gjennom eit langt yrkesliv. I samband med det årlege møtet i FNs statistikkommisjon i februar 2010, blir det helde eit eige fagleg seminar til minne om Svein Longva.

Finansdepartementet har på ny oppnemnt direktør Frøydis Langmark som styreleiar frå 1. februar 2010 og fram til utgangen av 2013. Styremedlem og rådgivar Tor Borgenvik tek over som nestleiar. Professor Ragnar Torvik og post

doc Ragnhild Balsvik er oppnemnde som nye styremedlemmer. Styret takkar professor Lars Borge og universitetslektor Eilef Meland for innsatsen deira i styrearbeidet.

Styret takkar dei dyktige medarbeidarane i SSB. Innsatsen deira er avgjerande for den solide og sentrale rollen SSB spelar i det norske samfunnet.

Ansvar og oppgåver som er lagt til styret i Statistisk sentralbyrå, er omtala i statistikklova (Lov av 16. juni 1989 nr. 54 om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå). Der står det at styret skal handsame og fastsetje langtidsprogram, budsjettforslag og årleg arbeidsprogram etter forslag frå administrerande direktør, og leggje desse sakene fram for Finansdepartementet saman med årsmeldinga for Statistisk sentralbyrå. Styret skal elles føre alminneleg tilsyn med utviklinga i offisiell statistikk, og med verksemda i Statistisk sentralbyrå.

Direktør Frøydis Langmark, leiari

Rådmann Tor Borgenvik,  
nestleiar

Rådgivar Solveig  
Nygårdseter

Professor Einar Hope

Finansdirektør Ida Helliesen


Professor Ragnar Torvik

Post. Doc Ragnhild Balsvik

## Rekneskapen

**Rekneskapen for 2009 viser eit negativt driftsresultat på 2,3 millionar kroner. Det er 15,3 millionar kroner betre enn driftsresultatet i 2008. Aktivitetsnivå og inntekter frå brukarfinansierte oppdrag viser ein oppgang i 2009. Brukarfinansierte oppdrag i 2009 utgjorde 28 prosent av dei totale inntektene i SSB.**

**Inntekter 1995-2009 i faste 2009 prisar. Millionar kroner**



Figuren viser at dei inflasjonsjusterte inntektene for statsoppdraget og frå brukarfinansierte oppdrag har hatt ein svak vekst frå 1995 til 2009. Auken i statsoppdraget rundt år 2000 skuldast at Folke- og bustadteljinga 2001 fekk ei ekstraløyving over statsoppdraget i åra 1995 til 2003.

Dei samla driftsinntektene til SSB var på 676,1 millionar kroner i 2009. Dette er 21,4 millionar kroner høgare enn i 2008. Auken kjem i hovudsak av auka løyving på statsoppdraget som følgje av heilårsverknaden av lønsoppgjeret i 2008.

I 2009 blei dei totale driftsutgiftene på 678,4 millionar kroner. Det er 6,1 millionar kroner høgare enn driftsutgiftene i 2008. Lønsutgiftene auka med 23 millionar kroner frå 2008 til 2009. Utgiftene til varer og tenester blei redusert med 16,9 millionar kroner i forhold til 2008.

Rekneskapen for 2009 viser eit negativt driftsresultat på 2,3 millionar kroner. Det er 15,3 millionar kroner betre enn resultatet i 2008. Overføringa frå 2008 til 2009 var på 36,6 millionar kroner. Det gir ei samla overføring på 34,3 millionar kroner til 2010.

Inntekter frå sal av publikasjonar blei 648 500 kroner i 2009. Dette er 131 200 kroner lågare enn i 2008. Inntekter frå tvangsmulkt blei 10,8 millionar kroner, ein auke på 100 000 kroner frå 2008. Denne posten blir ført på inntektskapittelet til SSB, men er ikkje tekne med i rekneskapsoppsettet til SSB fordi inntektene ikkje går over til SSB.

Løyvingane til større nyskaffingar i 2009 var på 11,1 millionar kroner. Utgiftene var på 17,6 millionar kroner, ein auke på 13 millionar kroner i forhold til 2008. Nyskaffingane dreier seg i hovudsak om IT-investeringar.

**Årsrekneskap 2009. Samla oversikt (sum statsoppdraget og brukarfinansierte oppdrag eksklusiv større nyskaffingar). 1 000 kroner**

	Notar	Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Rekneskap 2009	Budsjett 2010
Løyving frå staten.....	3	440 100	467 100	467 100	485 400
Oppdragsinntekt .....	6	182 238	181 296	186 635	183 138
Lønnskompensasjonar .....	3	14 300	0	3 700	0
Refusjonar .....	4	18 062	0	18 643	0
<b>Sum inntekter og refusjonar.....</b>		<b>654 700</b>	<b>648 396</b>	<b>676 078</b>	<b>668 538</b>
Lønnsutgifter .....	5	473 768	464 520	496 755	476 009
Varer og tenester .....	2	198 509	188 480	181 610	198 338
Ufordelte midlar .....			7 000		402
<b>Sum driftsutgifter .....</b>		<b>672 276</b>	<b>660 000</b>	<b>678 365</b>	<b>674 748</b>
<b>Driftsresultat .....</b>		<b>-17 576</b>	<b>-11 604</b>	<b>-2 287</b>	<b>-6 210</b>
Overføringar frå året før.....		54 203	0	36 627	0
<b>Overføringar til neste år .....</b>		<b>36 627</b>	<b>-11 604</b>	<b>34 340</b>	<b>-6 210</b>

**Statsoppdraget. 1 000 kroner**

	Notar	Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Rekneskap 2009	Budsjett 2010
Løyving frå staten .....	3	440 100	467 100	467 100	485 400
Lønnskompensasjonar .....	3	14 300		3 700	
Refusjonar .....	4	18 062		18 643	
<b>Sum inntekter og refusjonar .....</b>		<b>472 462</b>	<b>467 100</b>	<b>489 443</b>	<b>485 400</b>
Lønnsutgifter .....	5	343 357	341 265	367 481	350 658
Varer og tenester .....	2	135 095	126 933	125 967	134 902
Ufordelte midlar .....			7 000		402
<b>Sum utgifter .....</b>		<b>478 451</b>	<b>475 198</b>	<b>493 448</b>	<b>485 962</b>
<b>Driftsresultat .....</b>		<b>-5 989</b>	<b>-8 098</b>	<b>-4 005</b>	<b>-562</b>
Overføringar frå året før .....		19 665		13 676	
<b>Overføringar til neste år .....</b>		<b>13 676</b>	<b>-8 098</b>	<b>9 671</b>	<b>-562</b>

**Brukaroppdraget. 1 000 kroner**

	Notar	Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Rekneskap 2009	Budsjett 2010
Inntektskrav i statsbudsjettet .....		187 000	177 500	177 500	183 200
Meir/ mindre inntekt .....		-4 762	3 796	9 135	-62
Oppdragsinntekt .....		182 238	181 296	186 635	183 138
<b>Sum inntekter .....</b>	<b>6</b>	<b>182 238</b>	<b>181 296</b>	<b>186 635</b>	<b>183 138</b>
Lønnsutgifter .....		130 411	123 255	129 274	125 351
Varer og tenester .....	2	63 414	61 547	55 643	63 436
<b>Sum utgifter .....</b>		<b>193 825</b>	<b>184 802</b>	<b>184 917</b>	<b>188 786</b>
<b>Driftsresultat .....</b>		<b>-11 587</b>	<b>-3 506</b>	<b>1 718</b>	<b>-5 648</b>
Overføringar frå året før .....		34 538		22 951	
<b>Overføringar til neste år .....</b>		<b>22 951</b>	<b>-3 506</b>	<b>24 669</b>	<b>-5 648</b>

**Større nyskaffingar. 1 000 kroner**

	Notar	Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Rekneskap 2009	Budsjett 2010
Løyving frå staten .....		10 200	11 100	11 100	10 400
<b>Sum utgifter .....</b>		<b>4 545</b>	<b>11 100</b>	<b>17 562</b>	<b>10 400</b>
<b>Driftsresultat .....</b>		<b>5 655</b>	<b>0</b>	<b>-6 462</b>	<b>0</b>
Overføringar frå året før .....		2 488		8 143	
<b>Overføringar til neste år .....</b>		<b>8 143</b>	<b>0</b>	<b>1 681</b>	<b>0</b>



**Notar til tabellane****1 Rekneskapsprinsipp**

Statistisk sentralbyrå fører rekneskapa sine etter kontantprinsippet. Det inneber at rekneskapan viser utgifter og inntekter som er betalt innanfor rekneskapsåret. Uteståande kundefordringar eller leverandørgjeld kjem ikkje fram.

**2 Samla utgifter til varer og tenester**

Spesifikasjon varer og tenester	Rekneskap 2007 1 000 kroner	Rekneskap 2008 1 000 kroner	Rekneskap 2009 1 000 kroner
Maskiner, inventar, PC, datautstyr .....	14 544	12 946	7 630
Forbruksmateriell .....	5 921	5 735	5 133
Reiseutgifter, kurs m.m. ....	31 960	33 877	33 755
Kontortenester .....	58 306	57 233	45 719
Konsulenttenester .....	16 787	24 658	28 293
Bibliotek .....	1 602	1 583	1 807
Vedlikehald, inventar og utstyr .....	5 309	4 455	5 364
Vedlikehald av bygningar .....	1 199	2 173	2 210
Drift av bygningar .....	51 133	55 848	51 699
<b>Sum driftsutgifter .....</b>	<b>186 761</b>	<b>198 509</b>	<b>181 610</b>

Utgiftene til varer og tenester i 2009 var på 181,6 millionar kroner. Dette er ein reduksjon på 16,9 millionar kroner i forhold til 2008. Reduksjonen skuldast i hovudsak at utgiftene til EØS-kontingenten er reduserte, husleigebetalinga er utsett og betalinga av datalisensar er forskyvd.

**3 Statsoppdraget**

Løyvinga for 2009 var på 467,1 millionar kroner. I tillegg kom lønskompensasjonen for lønsoppgjering i 2009 på 3,7 millionar kroner. Den statlege løyvinga blei dermed på 470,8 millionar kroner.

**4 Sjuke- og fødselsrefusjonar**

For 2009 kom refusjonar av sjuke- og fødselspengar på 18,6 millionar kroner, ein auke på 0,6 millionar kroner frå 2008.

**5 Lønsutgifter på statsoppdraget**

Lønsutgiftene på statsoppdraget blei om lag 24,1 millionar kroner høgare enn i 2008. Dette skuldast først og fremst heilårsverknaden av lønsoppgjering i 2008.

**6 Brukarfinansierte oppdrag**

Inntektskravet i løyvinga blei i 2009 sett til 177,5 millionar kroner. Rekneskapan for 2009 viser at inntektene frå brukarfinansierte oppdrag blei på 186,6 millionar kroner. Dette er ein auke på 4,3 millionar kroner frå 2008.

**Statistikk om statistikken****Skjemautfylling for næringslivet**

Samla belastning med å gi opplysningar til SSB sine undersøkingar blei redusert med 31 årsverk frå 2008. 25 av årsverka som blei rapportert i 2008, var for undersøkingar som SSB gjorde på vegne av andre verksemdar. Dei skal ikkje reknast med i oppgavebyrda for SSB, og er trekte frå for 2009.

Blant føretaka med 20 eller fleire tilsette var 93 prosent (89 prosent i 2008) med i minst éi undersøking. For føretak med færre enn 20 tilsette var det 13 prosent som deltok, og for føretak med under 10 tilsette var det 11 prosent som deltok i ei undersøking.

**Opgavebyrde. 2004-2009. Årsverk**

	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>I alt .....</b>	<b>172</b>	<b>186</b>	<b>179</b>	<b>179</b>	<b>178</b>	<b>146</b>
Næringsliv i alt .....	99	105	98	110	108	103
Andre .....	73	81	81	69	70	43

**Elektronisk innrapportering**

Kutt i utsending av papirskjema i førstegangsforespurnader til bedrifter og føretak førte til at talet på dei som rapporterte elektronisk, auka til 63 prosent i 2009. Fleire undersøkingar, som tidlegare var papirbaserte, hadde ved utgangen av 2009 ein elektronisk svarinnngang på over 90 prosent.


**Tal på oppgavegivarar som rapporterer elektronisk. Prosent**

	2005	2006	2007	2008	2009
Elektronisk innrapportering.....	33	36	48	53	63

**Svarprosentar**

Høge svarprosentar er ein viktig kvalitetsindikator. SSB sin rett til å bestemme at næringslivet pliktar å levere inn skjema, fører til at svarprosenten i undersøkingar med oppgaveplikt blir høg. Men òg for dei frivillige undersøkingane er svarprosenten høgare enn i dei fleste andre frivillige undersøkingar som blir gjennomførte i samfunnet.


**Svarprosent. 1999-2009**



**Frigivingar av statistikk**

Det var 993 frigivingar av statistikk i 2009, ein nedgang på 16 frå 2008. Nedgangen skuldast at nokon av statistikkane er slegne saman, for eksempel nokre prisstatistikkar.

**Tal på frigivingar av statistikk. 1998-2009**



**Publisering**

Det blei gitt ut 12 færre papirpublikasjonar i 2009 enn året før. Talet svingar frå år til år.

**Titlar i ulike publikasjonsseriar og utgivingar. 1998-2009**

	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Utgivingar i alt</b> .....	<b>286</b>	<b>316</b>	<b>284</b>	<b>274</b>	<b>161</b>	<b>170</b>	<b>153</b>	<b>127</b>	<b>243</b>	<b>224</b>	<b>250</b>	<b>227</b>
Noregs offisielle statistikk <sup>1</sup> .....	61	64	48	66	46	47	28	27	26	17	23	26
Analysepublikasjonar <sup>2</sup> ..	84	97	95	107	74	82	104	74	111	96	114	96
Andre utgivingar <sup>3</sup> .....	141	155	141	101	41	41	21	26	106	111	113	105
- Økonomiske analyser	9	9	9	6	6	6	6	6	6	6	6	6
- Samfunnspeilet .....	6	6	6	6	5	6	6	6	5	5	5	5

<sup>1</sup> I tillegg kjem 501 hefter frå Folke- og bustadteljinga 2001, gitt ut i 2003.

<sup>2</sup> Talet omfattar Rapportar, Discussion papers, Statistiske analyser og Sosiale og økonomiske studiar. Reprints er utelate frå og med 2007.

<sup>3</sup> Omfattar frå og med 2006 i tillegg serien Notater, som ikkje var med i statistikken tidlegare. Omfattar i tillegg Documents og "Dette er ..."-publikasjonane.

**Forskningsverksemda – publisering utanfor SSB**

Forskningspubliseringa var meir omfattande i 2009 enn tidlegare. Det blei særleg publisert fleire artiklar i utanlandske tidsskrifter. Talet på bøker og bokartiklar var noko høgare i 2009 enn tidlegare. Forskarane i SSB heldt 79 foredrag på vitenskaplege konferansar nasjonalt og internasjonalt (77 i 2008) og 147 andre faglege foredrag mot 134 i 2008. 28 avisartiklar blei publiserte.


**Ekstern publisering. 1998-2009**

	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Tidsskriftartiklar</b> ....	<b>39</b>	<b>24</b>	<b>41</b>	<b>35</b>	<b>34</b>	<b>38</b>	<b>50</b>	<b>41</b>	<b>49</b>	<b>50</b>	<b>56</b>	<b>76</b>
- Internasjonale tidsskrift .....	17	15	28	22	17	22	30	27	31	24	39	50
- Norske tidsskrift ..	22	9	13	13	17	16	20	14	18	26	17	26
<b>Bøker og bokartiklar</b> .....	<b>4</b>	<b>13</b>	<b>18</b>	<b>17</b>	<b>8</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>17</b>	<b>15</b>	<b>18</b>	<b>6</b>	<b>22</b>
- Internasjonale ....	2	12	13	12	5	8	4	13	10	12	4	12
- Norske .....	2	1	5	5	3	2	6	4	5	6	2	10

**Målbruk – nynorskprosent** Nynorskprosenten i SSB si publisering har hatt ein svak auke i 2009. For dei daglege frigivingane av statistikk var 30 prosent på nynorsk (opp 1 prosent). Noregs offisielle statistikk hadde 33 prosent på nynorsk, mot 30 prosent i 2008. Etter at signerte publikasjonar frå og med 2008 ikkje lenger blir talt med, ligg talet på nynorskpublikasjonar på 22 prosent, ein auke på 2 prosentpoeng frå 2008.

**Oppslag på ssb.no** Bruken av ssb.no låg i 2009 på 53,9 millionar oppslag. Dette var ein nedgang på 10 prosent frå 2008.

**Talet på oppslag på ssb.no. 2006-2009. Millionar**




**Punktlegheit og aktualitet** Både internasjonalt og i Noreg er det krav til at offisiell statistikk skal komme på eit tidspunkt som er varsla på førehand. Avviket frå punktlegheita i 2009 var på 12 prosent, og større enn i 2008. Det er talet på forseinka frigivingar som auka. Auken skuldast blant anna forseinkingar i levering av data til statsrekneskapen, og i data frå Skattedirektoratet til inntektsstatistikken.

**Punktlegheit. Avvik i forhold til annonsert tidspunkt. 1999-2009. Prosent**

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Avvik i alt</b> .....	<b>13</b>	<b>15</b>	<b>13</b>	<b>10</b>	<b>8</b>	<b>11</b>	<b>10</b>	<b>6</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>12</b>
For tidleg .....	4	2	3	2	2	2	3	1	3	3	3
For seint .....	9	13	10	8	6	9	7	5	7	7	9


Aktualiteten til statistikken er viktig for brukarane. Aktualitet blir målt i kor mange veker det er frå utgangen av observasjonsperioden til statistikken blir frigitt. Aktualiteten for både årsstatistikk, kvartalsstatistikk og månadsstatistikk er betra i 2009.

**Aktualitet. 2000-2009. Tal på veker frå utgangen av referanseperioden til publisering**



**Medieoppslag** Det blir dagleg referert til statistikk frå SSB i norske medium, noko som viser at SSB er ei viktig informasjonskjelde i samfunnet. Diagrammet viser talet på referansar til SSB i alle norske medium (både papirmedium og elektroniske medium) overvaka av Retriever.

**Tal på medieoppslag. 2005-2009**



*Førespurnader til SSB sitt bibliotek*

Bruk av Statistisk sentralbyrå sitt bibliotek auka både når det gjeld utlån av publikasjonar og førespurnader frå brukarane, med unntak av utlån til private/institusjonar, som gjennom mange år har gått ned.

**Utlån fordelt på ulike brukargrupper. 2005-2009**

	2005	2006	2007	2008	2009
Tilsette i SSB .....	2 221	2 504	2 523	2 900	3 812
Andre bibliotek .....	1 182	929	957	973	1 011
Private/institusjonar .....	702	513	409	333	291
<b>I alt .....</b>	<b>4 105</b>	<b>3 946</b>	<b>3 889</b>	<b>4 206</b>	<b>5 114</b>

**Førespurnader frå eksterne. 2005-2009**

	2005	2006	2007	2008	2009
E-post .....	5 359	4 936	5 948	6 621	8 085
Telefon.....	2 645	2 488	3 220	3 829	3 383
Eksterne besøkjande .....	713	484	548	511	423
<b>I alt .....</b>	<b>8 717</b>	<b>7 908</b>	<b>9 716</b>	<b>10 961</b>	<b>11 891</b>

## På arbeid i SSB

SSB hadde 1 013 tilsette ved utgangen av 2009: 626 i Oslo og 387 i Kongsvinger. I tillegg kjem 186 intervjuarar som arbeider med spørjeundersøkingar. 66 tilsette slutta i 2009. Det gir ein turnover på 6,5 prosent, omtrent som i 2008. Det blei rekruttert 55 nye medarbeidarar i løpet av 2009.

*Kvinner og menn i SSB*

Det er fleire kvinner enn menn blant dei tilsette – 54 prosent kvinner og 46 prosent menn – det same som dei to siste åra.

**Prosentdel kvinner ved utgangen av året**

	1998	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Sakshandsamar 2 .....	79	85	84	84	83	86	84	85	85
Sakshandsamar 1 .....	40	48	50	48	53	58	59	59	58
Høgare fagstilling / forskarar ...	34	33	35	37	37	37	40	42	43

Ved utgangen av 2009 hadde SSB 55 leiarar, 22 kvinner og 33 menn. Delen kvinner er 40 prosent.

*Kompetanse*

Kompetanseutvikling er eit viktig satsingsområde i SSB, og det blir arbeid målretta for å realisere kompetansestrategien.

Alle leiarane deltok på eit program for leiingsutvikling i 2009, det blei utvikla nye kriterium for leiing i SSB og leiarane har gjennomført ein 360 graders evaluering. Vidare blei det utvikla eit verktøy for kompetansekartlegging i verksemda. Kartlegginga skal blant anna bidra til å avdekkje kompetansebehov og gi betre grunnlag for kompetanseplanlegging. For å auke den interne mobiliteten er det laga eigne retningslinjer for hospitering i SSB.

SSB gjennomførte òg i 2009 eit breitt spekter av interne kurs, blant anna i metodar og verktøy som støttar statistikkproduksjon og forskning. Vidare var SSB arrangør for fleire internasjonale kurs (Eurostat). SSB har òg ei viktig kurs- og seminarverksemd for eksterne brukarar av statistikk.

Medarbeidarane i SSB blei i 2009 representert av seks fagforeiningar i Arbeidsmiljøutvalet og Arbeidsmiljø- og samarbeidsutvalet. De tilsette har òg ein representant i styret i SSB. Fagforeiningane deltek aktivt både i det faglege og personalpolitiske arbeidet i SSB.

*Lønsutvikling*

Berekna, gjennomsnittleg årslønsvekst for heiltidstilsette i SSB for 2009 var på 4,8 prosent, vel 3 prosentpoeng lågare enn i 2008. For staten samla var lønsveksten i 2009 på 4,5 prosent, mot 6,7 prosent i 2008. Størstedelen av årslønsveksten for

heiltidstilsette i SSB i 2009 var overheng frå 2008 på 3,2 prosent. Det generelle tariff tilleggget utgjorde berre 0,4 prosent og lønsglidinga var på 1,2 prosent.

#### Berekna årsløn for heiltidstilsette i SSB 2006-2009. Kroner og endringar i prosent


	2006	2007	2008	2009
Årsløn .....	358 531	379 405	409 481	429 324
Årslønsvekst i prosent .....		5,8	7,9	4,8

#### Inkluderande arbeidsliv

SSB har avtale om inkluderande arbeidsliv. Måla for dette arbeidet er å bidra aktivt til å halde sjukefråværet på eit framleis lågt nivå og ta vare på dei ressursane som medarbeidarar i alle aldrar representerer, gjennom ein aktiv livsfasepolitikk.

Det gjennomsnittlege sjukefråværet var på 5,5 prosent i 2009, litt høgare enn i 2008. SSB arbeider heile tida med å betre situasjonen knytt til helse, miljø og tryggleik for den enkelte medarbeidaren. Det blir lagt vekt på fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen for å førebyggje helseplager. Oppfølging av sjukemelde og grupper/personar som står i fare for å bli sjukemelde, blir prioritert. Det blir gitt tilbod om trening for helse i arbeidstida både i Oslo og Kongsvinger.

#### Sykefråvær. 1997-2009. Prosent



Det blir opplyst i stillingsannonser at forholda blir lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne, og kvalifiserte søkjarar med nedsett funksjonsevne blir alltid innkalla til jobbintervju. SSB deltok i 2009 i eit traineeprogram sett i gang av Sosial- og helsedirektoratet, med to traineear. Ein av traineeane blei fast tilsett ved avslutninga av programmet.

#### Lokalar og universell utforming

SSB har til saman om lag 35 000 m<sup>2</sup> bygningsmasse. I 2009 blei bygningane halde ved like i samarbeid med gardeigarar og etter eigen plan. Universell utforming er ein del av planlegging og drift av lokala. Lokala til SSB er tilpassa for funksjonshemma og rullestolbrukarar, og har merking for svaksynte og teleslynger i møterom. Universell utforming skal vere ein del av kravspesifikasjonen i anbudsaker der dette er relevant.

#### Grønt SSB

SSB har vore sertifisert som miljøfyrtårn sidan 2005.

#### Integrering

Per 31.12.2009 hadde SSB 65 (6,4 prosent) innvandrarar, mot 58 (5,7 prosent) i 2008. Dette er medarbeidarar med innvandrarakgrunn utanfor EØS-området. SSB følgjer vedtaket om å kalle inn minst éin innvandrar til intervju, dersom søkjaren er kvalifisert for stillinga.

#### Etikk

Etikk er eit høgt prioritert område i SSB. I tillegg til allmenne etiske standardar tek SSB omsyn til lover, retningslinjer og standardar for statistikkarbeid. For statistikkproduksjonen gjeld blant anna EUs/EØS' "Code of Practice" og FN's prinsipp for statistikkproduksjon. Det blir òg vist til brosjyren "Etikk og statistikk".

